

KRONIKK

Får vi sjå det ukrainske flagget i barnetoga?

Nok ein annleis 17. mai

KRONIKK

OLAF AAGEDAL

Sosiolog, forskar KIFO



Den årlege nasjonaldagsfeiringa står for døra. I sin tale til Stortinget minnte president Zelenskyj oss på den komande feiringa, og om at krigen i heimlandet hans kan kome til å sette sitt preg på feiringa i år: «Hvert år på grunnlovsdagen 17. mai arrangerer dere en svært høytidelig feiring – barnetogene. Barn fra hele Norge er med. I år vil også våre barn gå sammen med deres barn – ukrainere som er kommet for å få beskyttelse og sikkerhet.»

Ja, korleis vil dette prege 17. mai i år og kva betydning vil det kunne få for den vidare utviklinga av den norske nasjonaldagstradisjonen? Unntakssituasjonar gjev høve til å spørje kva dette gjer med ein feiringstradisjon.

Den svenske sosiologen Gabriella Elgenius har forska på nasjonaldagstradisjonar, og meiner ein kan skilje ut tre dimensjonar i slike feiringar. Den første er feiringa sitt *innhald*; spørsmålet om kva ein feirar. Den andre er spørsmålet om feiringa si form eller *design*, medan den tredje dreier seg om feiringa si *omsättlingsevne* i møte med nye kontekstar og utfordringar.

Ein feiringstradisjon kan bli truga ved at det skjer endringar i samfunnet som gjer det vanskeleg å vidareføre ei feiringsform, som til dømes barnetoget, eller ved at innhaldet i det ein feirar ikkje lenger blir opplevd som meiningsfylt.

Zelenskyj spår at krigssituasjonen i Europa vil prege feiringa si form gjennom nye deltagarar i barnetoget. Kva andre endringar kan vi forvente i denne unntakssituasjonen?

Vi har nyleg vore gjennom ei krise som utfordra feiringa si form. Pandemien førte til at barnetoget og dei lokale folkefestane måtte avlystast to år på rad. Kva gjorde denne unntakstilstanden med feiringa?

Forskningsinstituttet KIFO (Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning) har gjennomført ein studie og kartlagt kva folk gjorde under korona-nasjonaldagen i 2021. Resultata viser at det store fleirtalet feira dagen, men at det for dei fleste blei ei «kohort-feiring» saman med familie og venner og at mykje av feiringa skjedde framfor fjernsynet.

Dei fleste opplevde at 17. mai var blitt forandra, og mange til det verre: «Husker den nesten ikke, den var som en hvilken som helst annen dag i løpet av året». «Det var litt kjedelig med familien og uten feiring og toget», er nokre av kommentarane.

Resultata tyder på at den norske nasjonaldagstradisjonen har ei omstil-



Barnetog og 17. mai-feiring på Slottsplassen i Oslo. Mange har glede seg til å kunne feire normal nasjonaldag etter to unntaksår, men årets barnetog vil bli prega av krigen i Ukraina, skriv Olaf Aagedal.

Foto: Heiko Junge/NTB

lingsevne som gjer det mogeleg å gjenomføre ein nedskalert 17. mai utan tradisjonelle offentlege feiringar som barnetog og lokale folkefestar.

Men spørsmålet er kva dette vil gjere med innhaldet i feiringa og meiningsa med dagen, og dermed overlevinga av tradisjonen på lengre sikt. Den offentlege delen av feiringa er truleg den delen

der innhaldet i og meiningsa med dagen blir mest fokusert gjennom talar og minneseremoniar. Og dei offentlege feiringsformene, som barnetoget og den lokale folkefesten, er dei feiringsformene som i størst grad synleggjer at vi tilhører fellesskap som er vidare enn familién og slektá.

Den norske tradisjonen på nasjonaldagen er ein av dei lengste samanhengande av slike tradisjonar i Europa. Det

tyder likevel ikkje at dette er ein fast og uforanderleg feiringstradisjon. Det er ein tradisjon som har vore gjennom fleire kriser og utfordringar, men som har tilpassa seg og overlevd desse. Tvert imot tyder dei historiske erfaringane på at desse krisene har tilført feiringa nye lag av meinings og dermed styrka feiringstradisjonen.

Eit døme på dette er krisa som oppstod for barnetogtradisjonen som følgje av auka innvandring. Tradisjonen om at toget berre var for «etnisk norske» barn blei opplevd som umogeleg å praktisere for skolane og i strid med dei verdiar ein feira denne dagen.

Konflikten endra feiringa si design og gjorde 17. mai til ein kampdag for ei utvida nasjonsforståing som ikkje var basert på etnisitet. Denne kampen har ført til at det også vil vere ein sjølvsagt plass for barn frå Ukraina i barnetoget.

Mange har truleg glede seg til å kunne feire normal 17. mai etter to unntaksår.

Men nasjonaldagsfeiringa i år blir ikkje ei tilbakevending til 2019-varianten. Det blir på ny ei feiring i unntakstider: Krigen i Ukraina vil setje sitt preg på feiringa si form.

I barnetoga vil vi truleg sjå barn frå Ukraina. Det tradisjonelle forbodet mot andre flagg i toget enn det norske og samiske, vil truleg gjere unntak for det ukrainske. Korpsa vil spele «Ja, vi elsker», men kanskje også den ukrainske nasjonalsongen?

Unntakstilstanden vil truleg også prege *innhaldet i feiringa* og meiningsa i dagen. 17. mai-talane om nasjonalt sjølvstende, fridom og demokrati, får ein ny klangbotn og forsterka emosjonell appell med krigen som bakgrunn.

Zelenskyj sin framtidvisjon, som han presenterte på slutten av talen sin i Stortinget – om eit norsk-ukrainsk barnetog i Kiev når freden er gjenopprettet, kan gje nye lag av meinings til denne nasjonaldagstradisjonen.

JJ Den norske tradisjonen på nasjonaldagen er ein av dei lengste samanhengande av slike tradisjonar i Europa.